

## Utleigereglar for Tokke kulturhus

1. Kultur- og oppvekstutvalet er styre for kulturhuset.
2. Styret gjev prosjektleiaren fullmakt til å avgjera all utleige av huset så lenge han held seg til dei vedtekne reglane.
3. Styret fastset utleigeprisane.
4. Prosjektleiaren sender oversyn over utleige som det skal betalast for, kvartalsvis, til kultur- og oppvekstetaten, som så fakturerer husleiga.
5. Aldersgrense for å leige huset er 18 år.
6. Det kan vere høve til å leige delar av huset fast, over ein lengre periode, men ikkje ut over 12 månader. Fristen for å søkje om dette er 1. mai kvart år.
7. Leigarane av huset må syte for turvande ro og orden i og omkring huset.
8. Nyting av rusmiddel i kulturhuset er generelt forbode, men ved utleige til private samkomer/slutta lag gjeld vanlege normer for bruk/servering av alkohol. Personar som er synleg rusa, skal visast bort.
9. Alle tilskipingar i huset skal vere avslutta seinast kl. 01.00 laurdag og helgedag, elles kl. 23.00 om ikkje anna er avtalt.
10. Dei som leiger huset, er ansvarlege for mogelege skader på hus og inventar.
11. Om ein leigar ikkje fylgjer reglane som er fastsette, kan styret stengje vedkomande ute frå huset for stuttare eller lengre tid.
12. Tokke kommune, herunder Tokke skule, har førerrett til leige av huset. Dette inneber også at kommunale kultur- og ungdomstiltak har denne førerretten. Huset må likevel tingast i god tid i førevegen.
13. Dei vanlege politivedtektene gjeld for huset.
14. Dei som har arrangement i huset pliktar å rydde for søppel og liknande som måtte liggje att ute eller inne. Det pålegg arrangøren å utføre rydding og event. reingjering etter visning frå ansvarlege for huset. Brukarane må også rette seg etter brukarinstruks for lokalet der det er hengt opp, t.d. på kjøkenet.
15. Dersom pliktene som arrangøren har ikkje blir utført tilfredsstillande, vert etterarbeidet utført for arrangøren si rekning.
16. Ved tvistar og/eller klagesaker skal desse avgjerast av kultur- og oppvekstsjefen og leiaren i kultur- og oppvekstutvalet. Dersom dei ikkje er samde, skal saka leggast fram for kultur- og oppvekstutvalet.